



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Fjaler kommune  
Postboks 54  
6961 DALE I SUNNFJORD

Dykkar ref

Vår ref  
11/1314-53

Dato  
28.08.2012

**Statsbudsjettet 2012 - Kap. 552, post 72 - Tilsegn om tilskot på inntil 900 000 kroner til Fjaler kommune og prosjektet PreForm - Bulyst 2012**

Tilsegningsnummer: 12242055

Vi viser til vårt tilsegnsbrev av 25. oktober 2011, der Fjaler kommune fekk tildela 900 000 kroner til prosjektet PreForm for 2011. I brevet skreiv vi bl.a. følgjande: *"Under føresetnad om Stortinget sitt budsjettvedtak i 2012 vil departementet støtte prosjektet også i 2012, med 900 000 kroner. KRD vil sende eit nytt tilskotsbrev i 2012, etter at årleg rapport er motteke, sjå punktet om rapportering og kontroll seinare i dette brevet"*.

Årleg rapport for 2011 er ikkje motteke, men redegjøring for framdrifta av prosjektet av 14.12.2011 gjer at gir Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir tilskot på inntil kr 900 000, til prosjektet PreForm i Fjaler kommune i 2012. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Vi viser og til informasjonen i brevet av 25. oktober 2011 og vilkår for tilskotet som og er gjeldande for dette tilskotet som tildelas for 2012. Tilskotet er gyldig i tilsegnsåret, og dei to påfølgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2014. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2014.

### Høvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert høvet til EØS-regelverket i forbindelse med tildeling av bulystmidlar. Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert det slik at Fjaler kommune i denne samanhengen ikkje driv med økonomisk

aktivitet og at kommunen ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen sin forstand. EØS-avtalen sine reglar om offentleg stønad vert difor ikkje brukt på tilskotet.

Vi ber kommunen vere merksam på at dersom kommunen vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må kommunen halde seg til reglene om offentleg stønad.

Kommunen bør også vere merksam på at dersom det vert gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å være økonomisk. I slike høver vil reglane om offentleg stønad kunne kome til nytte.

Med helsing

GNS (e.f.)  
avdelingsdirektør

Lise Østby  
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Kopi til:

Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Plan- og administrasjonsavdelingen	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	Fylkeshuset	6863	LEIKANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune			